



Klara Bakke vil gjerne ha med fleire frå Uskedalen som natteravnar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Klara Bakke, til dagleg frisør i Uskedalen, er klår for ei viktig natt i Rosendal - ho skal vera natteravn 16. mai. Men ho slår fast at det er for få natteravnar frå Uskedalen og ønskjer at fleire også frå vår bygd blir med. Dei kan berre melda seg til henne.

Sjølv har ho vore natteravn i Rosendal sidan 2002. Ho fortel at dei tidlegare hadde systematiske vakt-opplegg, men i dei seiare åra har dei gjort teneste berre i samband med spesielle netter og enkelt-arrangement. Behovet har ikkje vore vurdert som så stort som tidlegare.

- Men 16. mai er det særleg stort behov for å gå natteravn, det er den store dagen då ungdommar frå heile kommunen samlast i Rosendal. Dit kjem også mange frå Husnes denne kvelden og natta, fortel Klara.

- Er det ei vanskeleg og kanskje nerveslitande oppgåve å vera natteravn?
 - Slett ikkje, det er mykje kjekk ungdom ute. Stort sett oppfører dei seg fint. Og så er det så kjekt å gå rundt å prata med dei.
- I fjor trur eg vi var 16 i teneste denne spesielle kvelden, men eg vil altså ha med fleire frå Uskedalen. Også ungdommar herifrå søker til Rosendaal denne kvelden, påpeikar Klara.

Av Ola Matti Mathisen